

Kva:	Møte nr. 07 i Langrennskomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 8. april 2024, kl. 19:00-20:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER</i> <i>SAK 47 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 48 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 06 23-25 i langrennskomiteen</i> <i>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 49 23-25 Rekrutteringsutvalet</i> <i>SAK 50 23-25 Saker til vårmøte 2024</i> <i>SAK 51 23-25 Breiddesamlingar 2024</i> <i>EVENTUELT</i>
Til stades:	Tor Arne Hov, Laila Bosdal-Thorsen, Reidun Smørdal Hjelle, Eline Orheim, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Torstein Blikra
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 47 23-25

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 48 23-25

Godkjenning av protokoll nr. 06 23-25 i langrennskomiteen

Bakgrunn

Protokoll nr. 06 23-25 frå langrennskomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 06 23-25.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 49 23-25

Rekrutteringsutvalet

Bakgrunn

I samband med rekrutteringsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins har skikrinsstyret oppretta eit rekrutteringsutval. Utvalet består av 1 representant frå kvar greinkomité, skiklubb utviklar og adm. sjef. Utvalet starta opp hausten 2023 og har p.t. hatt fire møter.



Adm. presenterer saka i møtet.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og har følgjande innspel til rekrutteringsutvalet:

- Aktivitet på rulleski i løpet av sommar/haust 2024 (rulleskisprell/ rulleskiskule)

SAK 50 23-25

Saker til vårmøte 2024

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Vårmøte 2024 skal avviklast 15. april digitalt via Microsoft Teams.

Tentativt rammeprogram:

- Kl. 18:00-19:00: Fellesdel
- Kl. 19:00-19:10: Pause og omorganisering
- Kl. 19:10-21:00: Vårmøter i alpint, hopp/ kombinert, og langrenn

I SAK 48 23-25 gjorde langrennskomiteen følgjande vedtak:
«Langrennskomiteen gjer vedtak om at følgjande saker blir prioritert for diskusjon i vårmøte:

- *Oppsummering av sesongen*
- *Breiddesamlingar*
- *Innspel til terminlista*
- *Nye arrangement (nye konsept)*

Vidare gjer langrennskomiteen vedtak om at det blir laga til eit informasjonsskriv og sendt til klubbar i framkant. Adm. og LK leiar følgjer opp.»

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande saker til vårmøte:

- Oppsummering av sesongen
- Breiddesamlingar
- Krinslaget i langrenn
- Nye arrangement (nye konsept)
- Innspel til terminlista

SAK 51 23-25

Breiddesamlingar 2024

Bakgrunn

Breiddesamlingar for aldersgruppa 11-16 år, legg langrennskomiteen, i lag med skigrupper, opp til følgjande samlingar:

- Sognefjellet sommarskiskule, juni (planlagt 24.-28. juni 2024)



- Miljøsamling Ullsheim, august
- Miljøsamling Langeland, september
- Enivest skiskule Førde, oktober
- Miljøsamling Sandane, ikkje bestemt tidspunkt

I det vidare arbeidet med bør ein m.a. drøfte:

- Miljøsamling på våren
- Breiddesamlingar på tvers av greiner

VEDTAK

Tek saka opp på vårmøte måndag 15. april 2024.

EVENTUELT

Neste møte i langrennskomiteen: digitalt møte måndag 22. april kl. 20:00.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef